



## Saksprotokoll

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 24.11.2015

**Sak nr.:** 15/9160-5  
**Internt I.nr.** 51899/15

**Sak:** 56/15

**Tittel:** Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 24.  
november 2015

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Politisk leiing si forventning til kontrollutvalet v/fylkesordførar Jenny Følling

*Fylkesordførar la fram politisk leiing sine forventningar til kontrollutvalet. Det vart peika på viktigheita av å ha eit kontrollutval med legitimitet og tillit. God kontakt med fylkestinget vart trekt fram som viktig og fylkesordførar inviterte til ein god og open dialog mellom fylkesordførar og utvalet.*

2. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS

a. Inneklima og vedlikehald av fylkeskommunale bygg

*Deloitte orienterte om status for prosjektet. Det er førebels i startfasen, men dokumentasjon var innhenta frå fylkeskommunen, og det var sendt ut spørjeundersøking til rektorane og verneomboda på skulane. Det var allereie kome inn ein god del svar. Det var også sendt ut spørjeundersøking til elevråda ved dei vidaregåande skulane. To av skulane hadde svart, men det var ikkje lenge sidan undersøkinga var utsendt. Førebels ikkje noko som tyder på at tidsfristen for prosjektet skal ryke. Kontrollsjef informerte om behov frå Bygge- og eigedomsjef for god tid ved planlegging av eventuelle intervju. Orienteringa frå Deloitte vart teken til vitande.*

3. Orientering v/ fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen si orientering vart gjennomført ved lukka møte etter kommunelova § 31 nr. 2, jfr. forvaltningslova § 13.

4. Orienteringar frå SF revisjon IKS

a. Revisjonsplan finansiell revisjon

*SF revisjon orienterte om revisjonsplanen. Presentasjonen vert oversendt kontrollutvalet. Orienteringa vart teken til vitande*

b. Bruk av interkommunalt selskap i kommunal revisjon, sjå vedlagde dokument OT prop. Nr. 70; 2002-2003, side 107-109 og NIBR-rapport 2011:7

*Revisor orienterte om lovmessig grunnlag for ordninga. Orienteringa vart teken til*

*vitande.*

5. Orienteringar frå leiar og kontrollsjef
  - a. Vedtaket i FU-sak 104/15 Rådgjevar for fylkesordføraren

*Vedtaket vert tatt som ein del av desisjonssaka for inneverande år.*

- b. Informasjonsflyten rundt Fjord1

*Utvalet ba kontrollsjefen om å etterspørje eventuell presentasjon i eigarmøtet 1. november 2013 for å sjå om det er grunnlag for ytterlegare informasjon i saka.*

- c. E-post motteken av KU-leiar og kontrollsjef ang. bruk av midlar til lokal samfunnsutvikling i kommunane. Uoff OFL § 13 jfr FvL § 13

*Kontrollutvalet handsama denne e-posten i lukka møte. KL § 31.2 jfr. FvL § 13*

- d. E-post motteken av KU-leiar ang. spørsmål om Fjord1-prosessen (Salsprosessen) .

*Kontrollutvalet avventer resultat av eventuell lovlegheitskontroll og eventuell rettstvist før utvalet gjer vedtak om å gjere undersøkingar ang. denne saka.*

- e. Budsjett 2016.

*Kontrollsjef orienterte om budsjettprosess og budsjett 2016. Orienteringa vart teken til vitande.*

- f. Påmeldingar til kurs og konferansar

*Kontrollsjef melder medlemmane på kurs og konferansar i samsvar med gjennomgang i møtet.*